

Gebyr for handsaming av byggje-, delings-, seksjonerings-, og plansaker, dispensasjonar, kart- og oppmålingsarbeid etter matrikkellova, kart og eigedomsoppgåver, landbruks- og havbrukssaker og saker etter hamne og farvasslova gjeldande frå 01.01.2023

- 1 - Generelt.
- 2 - Dispensasjonar.
- 3 - Byggjesakar.
- 4 - Oppretting av ny grunneigedom m.m.
- 5 - Kart og oppmålingsarbeid etter matrikkellova.
- 6 - Kart og eigedomsoppgåver.
- 7 - Seksjonering.
- 8 - Reguleringsplanar.
- 9 - Landbruks- og havbrukssaker.
- 10 - Hamne- og farvasslova.

KAP. 1 - GENERELT

Antal M Sum

Gebyrregulativet er fastsett av Fitjar kommunestyre 14.12.2022 og er heimla i § 33-1 i Plan- og bygningslova, § 32 i Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og § 7 i Lov om eigarseksjonar av 20 mars 1997

**I regulativet er nytta bokstaven M = kr 3 400,-
Rammesøknad, søknader utan ansvarsrett, 1-trinns- og endringssøknader vert i tillegg ilagt eit grunngjebyr på kr 850,-**

§ 1.1 Kva regulativ skal nyttast

Gebyret skal reknast ut etter det regulativ som gjeld på det tidspunkt tilfredsstillande/ fullstending søknad, tilleggssøknad eller revidert søknad vert motteken av kommunen.

§ 1.2 Betalingsplikt og frist

Den som får utført tenester etter dette regulativ, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. For alle gebyr gjeld betalingsfrist på 20 dater frå fakturadato, dersom ikkje anna er sagt. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebur på 10 % av rettsgebyret. I tillegg kan kommunen krevje morarente i samsvar med forsinkelsesrentelova frå forfallsdato. Eventuell innkrevjing skjer i samsvar med inkassolova.

§ 1.3 Søknader som vert trekt eller er mangelfulle

For søknader som er registrert motteke, men som vert trekt før handsaming vert det fakturert 0,5 M. For søknader som vert trekt etter at saka er ført på sakskartet for handsaming vert det fakturert fullt gebyr. Tilsvarande gjeld søknad (trekking av søknad) om rammeløyve og igangsetjingsløyve. For saker som inneheld feil/og eller manglande dokumentasjon, der firma med sentral godkjenning eller firma med tilsvarande erfaring er ansvarleg søkjar vert ilagt gebyr på

0,5 M 1 700 kr

For saker, kor andre enn firma med sentral godkjenning eller firma med tilsvarande erfaring er søkjar, som vert returnert ubehandla meir enn ein gong som fylgje av manglande dokumentasjon, vert det ilagt gebyr etter 2. gongs retur på

0,5 M 1 700 kr

Dersom ein søknad vert trekt etter at løyve er gjeve, saka på anna måte er ferdig handsama i administrasjonen, eller er satt opp på sakskart for handsaming politisk, vert det rekna fullt gebyr

§ 1.4 Søknader som fører til avslag

Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/klage innan klagefristen. Ved avslag på søknad etter PII § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve) § 20-4 (tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av tiltakshavar) kap. 19 dispensasjonssøknader skal det betalast fullt gebyr.

§ 1.5 Endringssøknad.

For teikningar og tiltak som vert revidert eller endra etter at vedtaket er fatta første gong, vert det ilagt nytt gebyr ved endringshandsaming:

Søknader som utløyer krav om nabovarsel, vert ilagt gebyr på	3 M	10 200 kr
Søknader som ikkje utløyer krav om nabovarsel, vert ilagt gebyr på	1 M	3 400 kr
Dersom endringane er så omfattande at kommunen krev ny søknad, vert det pålagt nytt, ordinært gebyr.		

§ 1.6 Ny søknad

Ny søknad etter bortfall av løyve, er ny sak, jf. Pbl § 21-9, og det skal betalast fullt gebyr.

§ 1.7 Urimeleg gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter søknad heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen. Personlege/sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

§ 1.8 Miljøforbetringar

Rehabilitering av eldre, verneverdige bygningar, og tiltak som fører til miljøforbetringar som idrett-, kultur-, og friluftsliv for ålmenta, kan etter søknad frå tiltakshavar fritakast for gebyrplikta heilt eller delvis. Søknad om utsleppsløyve reknast ikkje som miljøforbetring

§ 1.9 Gode klimatiltak

For nye bygg (bustader, fritidsbustader og nærings-/landbruks-/off. bygg) som har fått tilsagn/støtte frå Enova for el-produksjon med fornybare energikjelder, vert 2 M av sakshandsamingsgebyret tilbakebetalt ved framlagt dokumentasjon.

§ 1.10 Gebyr etter medgått tid

For sakshandsaming som ikkje fell inn under det oppsette gebyrregulativet. Timesats er sett til

0,5 M **1 700 kr**

§1.11 Klagerett

Gebyrregulativet er ei forskrift fastsett av kommunestyret og kan ikkje påklagast. Bruken av regulativet kan i samsvar med forvaltningslova påklagast til statsforvaltaren i Vestland.

KAP. 2 - DISPENSASJONAR

§ 2.1 Dispensasjon etter plan- og bygningslova kap 19

I saker der det vert søkt om dispensasjon for fleire forhold, skal det betalast gebyr for kvar dispensasjon som tiltaket krev. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter §§ 20-1 til 20-4. Det vert ilagt fullt gebyr for dispensasjon uavhengig av om saka vert avslått eller trekt, etter at den er sendt på høyring eller sett opp for politisk handsaming.

§ 2.1.1 Separat søknad om dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag	7 M	23 800 kr
§ 2.1.2 Søknad etter Pbl § 20-1, unnateke pkt b, c, e, f og i, og som krev dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag, eller anna lovgivingdispensasjon frå gjeldande plangrunnlag, eller anna lovgiving	7 M	23 800 kr
§ 2.1.3.1 Søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet etter Pbl § 1-8	9 M	30 600 kr
§ 2.1.3.2 For flytebrygger	4 M	13 600 kr
§ 2.1.4.1 Søknad om dispensasjon - mindre saker der administrasjonen har delegert mynde til å gjere vedtak, som t.d. dispensasjon frå § 29-4 om bygningens plassering, høgde og avstand frå nabogrense, eller frå krav i TEK 17.	3 M	10 200 kr
§ 2.1.4.2 Søknad om dispensasjon - Tiltak som krev dispensasjon frå TEK17 for fritidsbustad til fast bustad	1 M	3 400 kr
§ 2.1.5 Søknad om dispensasjon - mindre saker der administrasjonen har delegert mynde til å gjere vedtak, men som krev uttale/- samtykke etter andre sektorlover	4 M	13 600 kr
§ 2.1.6 Søknad om dispensasjon for å bu fast i fritidsbustad	1 M	3 400 kr

KAP. 3 - BYGGJESAKER

§ 3.1 Utrekningsgrunnlag

Der det ikkje framgår anna, utgjer utrekningsgrunnlaget for gebyret bruksareal, BRA, i samsvar med NS 3940, med dei tillempingane som følgjer av registreringsinstruks til matrikkelen, avrunda nedover til næraste m². Det vert rekna bruksareal av alle etasjar.

Det skal sendast ein søknad pr gnr/bnr. For bygg eller deler av bygg, som manglar vegger, vert bebygd areal (BYA) lagt til grunn for arealutrekninga.

§ 3.1.1

Ved samstundes byggjemelding av bustad, garasje og mindre støttemurar vert dette sett på som eitt tiltak

§ 3.2. Tiltak som krev ansvarlege føretak.

Einestad	7 M	23 800 kr
Fritidsbustad	9 M	30 600 kr
Tomannsbustad	12 M	40 800 kr
Rekkehus/fleirmannsbustader inntil 4 bueiningar	20 M	68 000 kr
Rekkehus over 4 bueiningar	25 M	85 000 kr
Boligblokk inntil 15 leiligheiter	30 M	102 000 kr
Boligblokk over 15 leiligheiter	40 M	136 000 kr
Tilbygg/påbygg til bustad med ny bueining	6 M	20 400 kr
For stegvis sakshandsaming av tiltak vert det rekna fullt gebyr for rammeløyve og M for kvart igangsettingsløyve	1 M	3 400 kr

§ 3.2.1 Felles garasjeanlegg knytt til blokk eller andre bustadbygg

Satsen gjelder pr. blokk eller bustadbygg som anlegget skal tene

	5 M	17 000 kr
--	-----	-----------

§ 3.3 Næringsbygg, institusjonsbygg, publikumsbygg, brakkerigg og liknande.

For de første 500	12 M	40 800 kr
Areal mellom 501- 2 000 m ² pr. påbegynt 250 m ²	5 M	17 000 kr
Areal mellom 2 001 og 10 000 m ² pr. påbegynt 250 m ²	3 M	10 200 kr
Areal mellom 10 001 og 50 000 m ² pr. påbegynt 250 m ²	1 M	3 400 kr
Innendørs parkeringsareal og parkering på tak (beregnes for seg) pr. påbegynt 250 m ²	3 M	10 200 kr
Tilbygg/påbygg inntil 100 m ²	5 M	17 000 kr
Etter dette pr påbegynnt 250 m ²	3 M	10 200 kr

§ 3.4 Tilbygg og påbygg til bustad/ fritidsbustad, pbl §§ 20-1 til 20-4

§ 3.4.1 0-70 m ² BRA/ BYA (bygget kan i tillegg vere underbygd med kjellar)	3 M	10 200 kr
§ 3.4.2 Over 70 m ²	5 M	17 000 kr

§ 3.5 Garasjar, carport, og uthus, pbl §§ 20-1 til 20-4

§ 3.5.1 0-70 m ²	3 M	10 200 kr
§ 3.5.1 70-100 m ²	5 M	17 000 kr
§ 3.5.3 over 100 m ² skal reknast som for næringsbygg		
§ 3.5.4 Tilbygg/påbygg inntil 100 m ² ferdig bygg.	2 M	6 800 kr

§ 3.6 Naust, pbl §§ 20-1 til 20-4

§ 3.6.1 0-40 m ²	5 M	17 000 kr
§ 3.6.2 Over 40 m ² pr. eining	7 M	23 800 kr
§ 3.6.3 Tilbygg/påbygg pr. 40 m ²	3 M	10 200 kr

§ 3.7 Tiltak etter pbl. §§ 20-1 til 20-4

Gebyr etter tabellen her gjeld både nybygg, terrasser og endringsarbeid, midlertidige og flyttbare bygg, konstruksjoner, kiosker, brakker, telt o.l. Midlertidige konstruksjoner, telt o.l.

Bygningsmessige tiltak på inntil 50 m ²	1 M	3 400 kr
Bygningsmessige tiltak på inntil 70 m ²	2 M	6 800 kr
Bygningsmessige tiltak på inntil 70 m ²	3 M	10 200 kr
Bygningsmessige tiltak, på over 70 m ²	4 M	13 600 kr

§ 3.8 Andre tiltak etter pbl § 20-4

	2 M	6 800 kr
--	-----	----------

§ 3.9 Søknad om tiltak som konstruksjonar, anlegg, VA-anlegg, etter pbl § 20-1

§ 3.9.1 Mindre konstruksjoner/anlegg, flytebrygge, inntil 25 m2	2 M	6 800 kr
§ 3.9.2 Større konstruksjoner/anlegg, herunder mindre kaianlegg, mindre molo, brygge, flytebrygge over 25 m2, VA-anlegg inntil 50 pe	4 M	13 600 kr
§ 3.9.3 Større kaianlegg, større molo, større utfylling i sjø, småbåthamner og VA-anlegg over 50 pe	12 M	40 800 kr
§ 3.9.4 Tiltak for ålmenta, td. idrett-, kultur- og friluftsliv, sjå og § 1.7	2 M	6 800 kr

§ 3.10 Søknad om fasadeendring – reparasjonar o.l. etter pbl § 20-1

Fasadeendring omfattar m.a. endring av vindaug, kledningsmateriale og taktekking, takoverbygg, karnapp, ark, parapet, takoppløft m.m.		
§ 3.10.1 Søknadspliktig fasadeendring som ikkje utløyser krav til nabovarsling	1 M	3 400 kr
§ 3.10.2 Småbygg (frittliggjande (fritids)bustader, tomannsbustader	2 M	6 800 kr
§ 3.10.3 Større bygningar	3 M	10 200 kr
§ 3.10.4 Solcellepanel som utløyser krav om søknad er fritatt gebyr	0 M	

§ 3.11 Tiltak med eksisterande bygningar og bruksendring.

Type tiltak

Bruksendring pr. eining	6 M	20 400 kr
Oppdeling pr. ny eining	2 M	6 800 kr
Samanslåing av einingar pr. eining	1 M	3 400 kr
Arbeider med pipe og eldstad	1 M	3 400 kr
Bruksendring av tilleggsdel til hovuddel	1 M	3 400 kr
Endring i bærande konstruksjon eller brannskilje	1 M	3 400 kr
Underbygging, utgraving	2 M	6 800 kr
Ny innskutt etasje i eksisterande bygg	2 M	6 800 kr
Mellombels bruksendring frå fritidsbustad til fast bustad	1 M	3 400 kr

§ 3.12 Søknad om riving – Pbl § 20-1

Under 50 m2	1 M	3 400 kr
50 – 100 m2	2 M	6 800 kr
Over 100 m2	3 M	10 200 kr
Dersom søknad om riving kjem samstundes med søknad om oppføring av ny bygning på same stad, vert det ikkje ilagt gebyr for riving.		

§ 3.13 Driftsbygningar i landbruket/lagerhaller o.l , pbl § 20-4 b

§ 3.13.1 Driftsbygning i landbruket 0 -100 BRA	2 M	6 800 kr
§ 3.13.2 Driftsbygningar i landbruket frå-200 BRA eller påbygg til slike der samla areal er under 500 BRA	3 M	10 200 kr
§ 3.13.3 Driftsbygningar i landbruket (200-500 BRA eller påbygg til slike der samla areal er under 500 BRA)	4 M	13 600 kr
§ 3.13.4 Driftsbygningar i landbruket (500-1000 BRA eller påbygg til slike der samla areal er under 1000 BRA)	7 M	23 800 kr

§ 3.14 Innhegning – skilt/reklame – Pbl § 20-1

§ 3.14.1 Innhegning	1 M	3 400 kr
§ 3.14.2 Forstøttingsmur/mindre murar	2 M	6 800 kr
§ 3.14.3 Skilt/ reklame	2 M	6 800 kr
§ 3.14.4 For murar og innhegning over 20 m lengde betalast eit tilleggsgebyr på 10% av ordinært gebyr for kvar påbegynt 10 m		

§ 3.15 Søknad om terrenginngrep/utfylling – Pbl § 20-1

Søknad om terrenginngrep/utfylling/planering/deponering av massar for bustad-/fritidsbustadtomter.	5 M	17 000 kr
Søknad om terrenginngrep/ utfylling/ planering/ deponering av massar for næringsareal.	12 M	40 800 kr
Gjeld ikkje ved samstundes søknad om byggetiltak		

§ 3.16 Søknad om anlegg av veg eller parkeringsplass – Pbl § 20-1

Mindre parkeringsplassar på planert terreng (inntil 10 bilar)	2 M	6 800 kr
Større parkeringsplassar (over 10 bilar)	3 M	10 200 kr
Parkering på eller i bygning, parkeringshus/ anlegg	3 M	10 200 kr
Bru for gangtrafikk	2 M	6 800 kr
Bru for køyretrafikk	5 M	17 000 kr
Veganlegg, til dette høyrer og gangveg, 0-150 m	4 M	13 600 kr
For lengder over 150 m reknast eit tillegg på pr. påbebynt 50 m	1 M	3 400 kr

§ 3.17 Diverse tiltak

For arbeid som ikkje kan bereknast etter ovannemnde satsar, her medrekna mellom anna innreiing av loft/ kjellar i småhus, mobilstasjon, basseng, busstur, rømmingstrapper, m.m., skal det fakturerast etter medgått tid pluss ein grunnsum på Timesats

1 M 3 400 kr
0,5 M 1 700 kr

§ 3.18 Førehandskonferanse etter Pbl § 21-1

Førehandskonferanse

For førehandskonferanse som fører til byggesøknad innan 12 månader etter møtetidspunktet, vert 50% av gebyret refundert.

2 M 6 800 kr

§ 3.19 Ansvarsrett

For kontroll av kompetanse m.m. av føretak som ikkje har sentral godkjenning

1 M 3 400 kr

§ 3.20 Ferdigattest

For utferdig av ferdigattest for tiltak der det er gått meir enn 6 år etter at byggeløyve/løyve til igangsetting er gjeve, Ved etterspurnad av status på løyve, og ved etterspurnad ved manglar som t.d. innmålingsdata, gjennomføringsplan m.m. i førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest

1 M 3 400 kr

1 M 3 400 kr

§. 3.21 Mellombels bruksløyve

For utskrivning av mellombels bruksløyve betalast gebyr på

2 M 6 800 kr

§ 3.22 Igangsetting av tiltak utan løyve eller tiltak teke i bruk utan søknad eller i strid med løyve

Dersom tiltak som krever søknad og løyve etter plan- og bygningslova er satt igang eller teke i bruk utan at det er gjeve løyve, eller er utført i strid med regelverk eller vilkår i løyve, vert det rekna gebyr for arbeid utført av kommunen vedkomande det ulovlege tilhøvet. Gebyr vert fastsett av medgått tid etter regulativet. Det kjem i tillegg til gebyr for handsaming av etterfølgjane søknad om løyve. Dersom byggjesaka er utløyst av eit krav frå Fitjar kommune, skal det betalast eit tilleggsgebyr ut frå medgått tid for kommunen jf. Pkt. 1.10

§ 3.23 Oppfølging av lovbrøt etter Pbl kap. 32

Gebyr vert fastsett på grunnlag ikkje mindre enn medgått tid etter regulativet § 1.10.

KAP 4: OPPRETNING AV NY EIGEDOM

Dersom søknad er i strid med overordna kommuneplan eller reguleringsplan, kjem gebyr for eventuell dispensasjonssøknad etter § 2.1 i dette regulativet i tillegg

§ 4.01 For søknad om grensejustering etter plan- og bygningslova

2 M 6 800 kr

For søknad om grensejustering etter matrikkellova

0 M

§ 4.02 Ved søknad om arealoverføring, pr mottakande parsell.

3 M

10 200 kr

§ 4.03 Frådeling/oppretting av ein eller fleire grunneigedomar, der frådeling er i samsvar med reguleringsplan, eller utbyggingsplan, første parsell (gjeld også festetomter)

3 M

10 200 kr

for kvar av dei andre

1 M

3 400 kr

§ 4.04 Ved søknad om oppretting av ein eller fleire grunneigedomar i uregulert område, for første parsellen (gjeld også festetomter)

4 M

13 600 kr

for kvar av dei andre

2 M

6 800 kr

KAP 5: KART- OG OPPMÅLINGSARBEID MATRIKKELLOVA

I saker der alle grensene er merka etter nyare landmålingsmetodar og koordinatfesta i matrikkelen, og der feltarbeid ikkje er naudsynt, skal gebyret reduserast med 35 %.

§ 5.1 Oppretting av matrikkeleining

§ 5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn/punktfeste

Areal frå 0-250 m ²	6 M	20 400 kr
Areal frå 251 – 1000 m ²	7 M	23 800 kr
Areal frå 1001 – 2000 m ²	8 M	27 200 kr
Areal frå 2001 m ² auke pr. påbegynt daa	1 M	3 400 kr
Punktfeste pr. punkt	6 M	20 400 kr

Ved samstundes oppmåling av tomter frå same teig, vert gebyret redusert med 20% frå og med tomt nr 4.

§ 5.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Gebyr pr ny matrikkeleining	2 M	6 800 kr
I tillegg kjem evt. utlegg til kunngjeringar.		
Ev undersøkingar i marka vert fakturert etter medgått tid pr. time	0,5 M	1 700 kr
Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon		
Areal frå 0 – 50 m ²	3 M	10 200 kr
Areal frå 51 – 250 m ²	4 M	13 600 kr
Areal frå 251 – 2000 m ²	5 M	17 000 kr
Areal frå 2001 – auke pr påbegynnt daa	1 M	3 400 kr

§ 5.2.1 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.		
Volum frå 0 – 2000 m ³	9 M	30 600 kr
Volum frå 2001 m ³ – auke pr. påbegynt 1000 m ³ .	2 M	6 800 kr

§ 5.2.2 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid pr. time	0,5 M	1 700 kr
--	-------	----------

§ 5.3 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Etter grunngjeven søknad kan ny matrikkeleining opprettast før oppmålingsforretning er fullført. Jf forskrift § 25. Det vert fakturert gebyr etter pkt § 5.5.1, samt tilleggsgebyr pr matrikkeleining	2 M	6 800 kr
---	-----	----------

5.3.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før ho er fullført, må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføra på grunn av endra heimelstilhøve eller at det av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert fakturert i høve til det arbeid som er utført i saka etter gjeldande timesatsar §5.9.

§ 5.4 Grensejustering

§ 5.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av den minste eigedomen sitt areal (maksimalgrensa er sett til 500 m²).

Areal frå 0 – 100 m ²	4 M	13 600 kr
Areal fra 101 – 500 m ²	5 M	17 000 kr

(Ein eigedom kan ikkje avgje areal (til fleire mottakarar) som i sum overstiger 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg kan andre arealklassar gjelde. Verdien av det avgitte arealet må heller ikkje overstiga 1 G.)

§ 5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomen sitt volum. (maksimalgrensa er satt til 1000 m³)

Volum frå 0 – 250 m ³	4 M	13 600 kr
Volum frå 251 – 1000 m ³	5 M	17 000 kr

§ 5.5 Arealoverføring

§ 5.5.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysting gjennomførast

Areal mellom 0 – 250 m ²	6 M	20 400 kr
Areal mellom 251 – 1 000 m ²	7 M	23 800 kr
Areal mellom 1001 – 2000 m ²	8 M	27 200 kr
Areal frå 2001 m ² auke pr. påbegynt daa	1 M	3 400 kr

Arealoverføring utløyser dokumentavgift til staten. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.

§ 5.5.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna ikkje vera registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samaføyting er tilstades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 250 m ³	9 M	30 600 kr
Volum frå 251 – 1500 m ³	10 M	34 000 kr

Volumoverføring pr. nytt påbegynt 1000 m³ fører til auke av gebyret på 2 M 6 800 kr

§ 5.5.3 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koodinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt	2 M	6 800 kr
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	0,5 M	1 700 kr

§ 5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkt	3 M	10 200 kr
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	1 M	3 400 kr

§ 5.7 Privat grenseavtale

Matrikkelføring av privat grenseavtale vert fakturert etter medgått tid, timesats	0,5 M	1 700 kr
---	-------	----------

§ 5.8 Tilleggsgebyr

§ 5.8.1 Klarlegging av rettar

Ved arbeid etter §§ 5.1-5.6 vert arbeid tilknytta klarlegging av rettar fakturert etter medgått tid, timesats	0,5 M	1 700 kr
---	-------	----------

§ 5.8.2 Utarbeiding av private avtalar

Ved utforming/utarbeiding av naudsynte, private avtalar vert det fakturert etter medgått tid. Dette er ei teneste (ikkje gebyr) som vert tillagt mva	0,5 M	1 700 kr
--	-------	----------

§ 5.8.3 Endring i forhold til godkjent frådelingsvedtak

Gjeld ynskje om endring som rekvirent legg fram på kartforretningsmøtet og som må godkjennast av plan- og byggesaksavdelinga	1 M	3 400 kr
--	-----	----------

§ 5.8.4 Ekstra kartforretning i eksisterande sak

Gjeld når det er naudsynt med ekstra kartforretning i marka pga usemje mellom partane, eller når det er ynskje om endring, eller andre forhold som skuldast partane og som vert lagt fram etter at den første kartforretninga er halden.	2 M	6 800 kr
--	-----	----------

§ 5.9 Timesatsar

Grunngebyr	2 M	6 800 kr
Kontorarbeid	0,5 M	1 700 kr
Markarbeid inkl. transport og materiell	1 M	3 400 kr

§ 5.10 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Dersom rekvirenten undervegs i saka gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert ordinært gebyr oppretthalde.

§ 5.11 Utskriving av matrikkelbrev fylgjer maksimalsats vedteken av Statens Kartverk.

§ 5.12 Tinglygingsgebyr og gebyr for grunnboksutskrifter mm

For alt som skal tinglyst etter Matrikkelova § 24 kjem tinglygingsgebyr i tillegg.

§ 5.13 Grensemerke (inkl. utgifter til boring o.l.) stk. pris 150,-

Dette er materiell som er momspliktig; mva kjem i tillegg.

150 kr

§ 5.14 Betalingsreglar

Betalinga kan krevjast før forretninga vert halden. Det vert ikkje rekna meirverdiavgift av oppmålingsgebyra.

KAP. 6: KART- OG EIGEDOMSOPPGÅVER

Kommunen tilbyr ikkje lenger kart og eigedomsoppgåver. Sjå våre heimesider.

KAP. 7: SEKSJONERING

§ 7.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

- a) Seksjonering 1-4 seksjonar
- b) Tillegg for kvar seksjon over 4
- c) Tillegg for synfaring

3 M	10 200 kr
0,5 M	1 700 kr
1 M	3 400 kr

§ 7.2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr betalast gebyr etter kap. 5 i gebyrregulativet for kart- og oppmålingsarbeid etter matrikkelova.

§ 7.3 Ny handsaming av avslagen søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.

KAP. 8: REGULERINGSPLANAR

Dette avsnittet gjeld for handsaming av framlegg til regulerings saker, tomtedelingsplanar, plan for utbygging. Framlegg til reguleringsplanar og endring av desse, pbl §§ 4-1, 4-2, 4-3, 12- 8,12- 9, 12-10, 12-11, 12-12 og 12-14.

Framlegg om mindre endringar av reguleringsplanar samt endringar av meir "bagatellmessig" karakter, pbl § 12-14. Framlegg til tomtedelingsplanar, plan for utbygging

med nemmen i Pbl § 2-1 og kart- og planforskrifta § 7 vert det krevd at framlegg til reguleringsplanar og endring av desse skal leverast på digital form i samsvar med kart- og planforskrifta §§ 8-10 med tilhøyrande produktspesifikasjonar.

Planframlegget skal føreligge på slik digital form for planframlegget vert teke opp til 1. gongs handsaming i kommunen, jf § 10 i kart- og planforskrifta. Ogå mindre endringar av reguleringsplanar, endringar av meir "bagatellmessig" karakter og tomtedelingsplanar skal leverast på tilsvarende digital form.

I tillegg til at planframlegg skal vere levert på digital form, skal det leverast nok eksemplar av plankart, planomtale (og evt. konsekvensutgreiing) til å dekkje trong til utsending og utlegging til alle handsamingar og offentlege ettersyn. Annonsar i aviser skal også dekkjast av tiltakshavar.

Fastsetjing av handsamingsgebyr skal reknast etter dato for melding av oppstart. Dersom det er meir enn 1 år mellom dei ulike trinna i reguleringsplanen, og dette skuldast tiltakshavar, vert gebyret fakturert etter gjeldande regulativ på dato for handsaming i utvalget.

§ 8.01 Betalingssetar

Dersom innbyggjarar eller byggjefirma ynskjer hjelp til å finne ut av planstatus for ein eigedom, kan dei bestille dette, **kr 500,-**

Førehandskonferanse før oppstart av reguleringsplan	2 M	6 800 kr
For førehandskonferanse som fører til oppstart av planarbeid innan 12 månader etter møtetidspunktet, vert 50% av gebyret refundert. For administrativ handsaming av prinsippøknader og søknader om å få starta arbeid med private reguleringsplanar, eller endring av eksisterande plan jf. pbl oppstartsmøte:		
Ny plan	5 M	17 000 kr
Ordinær endring	5 M	17 000 kr
Mindre endring av digital plan	3 M	10 200 kr
Reguleringsplan som ikkje er i samsvar med arealbruk etter kommuneplanen, får eit tilleggsgebyr på	5 M	17 000 kr
Gebyret vert fakturert når kommunen tek saka opp til handsaming. Nabolister i forbindelse med reguleringsplanar	1 M	3 400 kr

§ 8.1 Sakshandsamingsgebyr for reguleringsplanar.

0 til 5 daa	20 M	68 000 kr
5 til 20 daa	39 M	132 600 kr
20 til 50 daa	60 M	204 000 kr
Over 50 daa	75 M	255 000 kr
Gebyret vert fakturert når kommunen tek regulerings-saka opp til 1. gongs handsaming. Ordinær planendring skal ha gebyr som, ny plan, men gebyret skal bereknast utfrå storleiken på planområde som vert endra. For planar med einsarta føremål, og i samsvar med orverordna plan vert gebyret redusert med 20%.		

§.8.1.2

For planar med krav om planprogram og konsekvensutgreiing skal det i tillegg til satsane i § 8.1 betalast eit handsamingsgebyr på som vert fakturert når planprogrammet/konsekvensutgreiinga vert teke opp til handsaming i utval for plan og miljø.	10 M	34 000 kr
--	-------------	------------------

§ 8.1.3 Tilleggsgebyr

Tilleggsmøte pr. møte	1 M	3 400 kr
Melding til forslagsstillar om manglar ved innlevert planframlegg	1 M	3 400 kr
Tillegg for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med forslagsstiller etter medgått tid, pr time	0,5 M	1 700 kr
Minstebegyr	2 M	6 800 kr
Avvist sak etter oppstart	1 M	3 400 kr

§ 8.2

Ved framlegg til reguleringsplan som dekkjer særleg store område arealmessig, eller som er svært tidkrevjande å sakshandsama, kan kommunen v/ kommunedirektøren avgjere at det skal utferdast tilleggsgebyr etter medgått tid. Gjeld også utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp. Ovanstående satsar vert minstesatsar.

§ 8.3

Mindre endring av planframlegg etter at framlegget er fremma til politisk handsaming med ny framlegging i planutvalet, og eventuelt med ny begrensa høyring. Tilleggsgebyr på	4 M	13 600 kr
--	------------	------------------

§ 8.4

Omfattande endring av planframlegg etter at framlegget er fremja til politisk handsaming, med ny varsling, høyring og ny handsaming politisk. Tilleggsgebyr på 50 % av opprinneleg gebyr. Gebyret vert fakturert når kommunen tek planframlegget opp til ny handsaming i Utval for plan og miljø.

§ 8.5 Mindre reguleringsendring

§ 8.5.1

For private forslag til mindre endring av reguleringsplan jfr. pbl. § 12-14.2, skal betalast eit gebyr etter følgjande satsar:

Små endringar som handsamast administrativt

6 M

20 400 kr

Endringar som må handsamast politisk

12 M

40 800 kr

Gebyret vert fakturert når kommunen tek reguleringsendringa opp til administrativ handsaming (1.ledd) eller stadfesting i Utval for plan og miljø (2.ledd).

§ 8.6 Sosikontroll

Det er inkludert 2 timar kartkontroll på kvart trinn i prosessen. Dersom gjennomgang av kartgrunnlag på kvart trinn krev meir tid vert det overskytande fakturert etter medgått tid, timepris

0,5 M

1 700 kr

§ 8.7.

Planframlegg som berre omfattar verneomsyn, friområde, offentlege eller allmennyttige føremål, o.l. kan etter søknad fritakast for gebyr heilt eller delvis.

KAP. 9: LANDBRUKS- OG HAVBRUKSSAKER

§ 9.1 Konesjonssaker.

Handsaming av konsesjonssøknad, gardsbruk/større eigeddomar

5 000 kr

Handsaming av konsesjonssøknad, enkle tomter (naust m.v.)

2 500 kr

§ 9.2 Jordlovsaker.

Handsaming av delingsøknader etter § 12 i jordlova

2 000 kr

§ 9.3 Havbrukssaker.

Uttale til konsesjonssaker etter akvakulturlova, grunnlag

1 M

3 400 kr

I tillegg vert det fakturert etter medgått tid

0,5 M

1 700 kr

§ 9.4 Utsleppssaker.

Dette gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avlaupsanlegg.

§ 9.4.1 Søknader.

Søknad om utslepp mindre enn 50 pe. (etter lokal forskrift vedteken 29.10.2008)

2 M

6 800 kr

Søknad om utslepp over 50 pe. (etter sentral forskrift kap. 13 og 15)

4 M

13 600 kr

§ 9.4.2 Ny handsaming av avslegen søknad.

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt skal det betalast fullt gebyr.

§ 9.4.3 Tilsyns- og kontrollgebyr.

Tilsyns- og kontrollgebyr for separate avlaupsanlegg per stykk. Gjeld ikkje avlaupsanlegg som er knytt til offentleg avlaupsanlegg.

0,5 M

1 700 kr

KAP. 10: HAMNE- OG FARVASSLOVA

Sakshandsaming etter Hamne- og farvasslova for tiltak som ikkje er i tråd med plan

0,5 M

1 700 kr

Tiltak i tråd med plan er fritatt for sakshandsaming og gebyr etter hamne- og farvasslova